



Nordhordland Brann Og Redning
Postboks 4
5906 Frekhaug

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/498 - 23/5529

Sakshandsamar:
Stine Storemark Nordby
stine.storemark.nordby@fedje.kommune.no

Dato:
15.11.2023

Svar på branntilsyn Fedje skule

Eigar, brukar og branninspektør hadde tilsyn på Fedje skule 07.09.23. Under tilsynet vart det avdekka manglar som brukar skulle rette opp i og svare tilbake innan 30 dagar.

Andre merknader:

- 1. Verken eigar eller brukar har lagt fram dokumentasjon for ROS analyse. Dette arbeidet er delvis påbegynt, men ikkje slutført. Det er særst viktig at dette arbeidet vert gjennomført då det vil gjeve svar på kor dei største risikoane er ved både bygget, men og ved drifta av bygget.***

ROS analyse for skulen må utarbeidast. 19.10.23 var dette tema på oppvekstmøte, og arbeidet vil starte i løpet av vinteren 2024. Det skal vere nytt oppvekstmøte 16.11.23 (utsett frå 19.10.23) der me skal avklare kven som skal delta i arbeidsgruppa, og det vil bli kalla inn til første møte.

Saman med denne gruppa vil det bli laga nærare tidsplan for det kommande arbeidet, og det er forventa å vere ferdig i løpet av våren 2024.

Etter samtale med Gjert Holtan, branninspektør for Fedje, er det avtala at han skal rettleie oss i dette arbeidet.

- 2. Det er viktig at brukar innlemmer tilsynsrundar internt for å avdekka feil og manglar som kan påverke brannsikkerheita ved skulen og at dette vert rapportert til eigar straks.***

Det er utarbeidd årshjul for miljøretta helsevern ved Fedje skule der det er fastsett tilsynsrundar internt for å avdekke feil og manglar og at det vert dokumentert at dette er gjort.

Døme på innhald: opplæring brannvarslingsanlegg, brannopplæring av tilsette, orientere om sløkkjeutstyr, rømningsveggar, ladestasjonar mm. Sjå vedlegg.

Det er i tillegg utarbeidd ny branninstruks ved skulen, samt rutinar for overnatting/meldeskjema, rutinar for brannvarslingssystem og retningslinjer for ladestasjonar for elevpc'ar. Sjå vedlegg.

Med helsing

Stine Storemark Nordby
Konstituert rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Branninstruks Fedje skule
Retningslinjer for ladestasjon PC
Overnatting skule
Rutiner alarmsystem
Årshjul HMS

Mottakarar:

Nordhordland Brann Og Redning Postboks 4 5906 Frekhaug